

Eksamen

30. november 2016

HUD3003

Yrkesutøvelse

Programområde: Hudpleiar/Hudpleier

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>I denne oppgåva vil det bli lagt særleg vekt på graden av måloppnåing i desse kompetansemåla:</p> <ul style="list-style-type: none">• planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere eige arbeid som hudpleiar• utføre dags-, kvelds- og brudemakeup med utgangspunkt i fargelære• bruke eit utval av tekniske hjelpemiddel i ansikts- og kroppsbehandlingar og vurdere nytteverdien av apparatur• bruke enkle korrigeringsteknikkar og kamuflere endringar i huda• gi råd om korleis ulike kosmetiske produkt verkar kjemisk i og på huda• arbeide i tråd med tiltak for helse, miljø og tryggleik på arbeidsplassen
Andre opplysningar	Oppgåvene på svararket skal nummererast.

Bente Sørensen, 49 år, skal i bryllaup til dottera si. Ho ringer deg og bestiller time. Ho ønskjer å føle seg ekstra fin denne dagen. Under samtalen kjem det fram at ho ønskjer ei oppstrammande behandling, ekstra glød i huda samt make-up.

Oppgåve 1

Du set av 1,5 time til ei ansiktsbehandling.

- a) Korleis vil du planleggje og gjennomføre denne behandlinga?
- b) Drøft kva for nytteverdi vala dine av tekniske hjelpemiddel/apparat har i denne behandlinga.
- c) Forklar og gi råd om korleis dei ulike produkta du brukar, verkar kjemisk i og på huda.

Oppgåve 2

Bente har ei nordisk, lys hud og blåe auge. Huda hennar er tørr og sensitiv med ein del linjer og rynker, og ho er plaga med blåe ringer under augene. Ho har eit raudt fødselsmerke på halsen som ho vert sjenert av.

- a) Grei ut om kva for korrigeringsteknikkar du brukar for å kamuflere dei synlege hudforandringane hennar.
- b) Korleis vil du utføre ein naturleg kvelds make-up på Bente med utgangspunkt i hennar hudtype og tilstand, samt fargelære?
- c) Drøft viktigheita av hygienerutinar før, under og etter utføringa av make-up på ein kunde.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>I denne oppgaven vil det bli langt vekt på grad av måloppnåelse i forhold til disse kompetansemålene:</p> <ul style="list-style-type: none">• planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere eige arbeid som hudpleiar• utføre dags-, kvelds- og brudemakeup med utgangspunkt i fargelære• bruke et utvalg av tekniske hjelpemiddel i ansikts- og kroppsbehandlingar og vurdere nytteverdien av apparatur• bruke enkle korrigerings- og kamouflerte endringar i huda• gi råd om korleis ulike kosmetiske produkt verkar kjemisk i og på huda• arbeide i tråd med tiltak for helse, miljø og tryggleik på arbeidsplassen
Andre opplysninger	Oppgavene på svararket skal nummereres.

Bente Sørensen, 49 år, skal i bryllup til sin datter. Hun ringer deg og bestiller time. Hun ønsker å føle seg ekstra fin denne dagen. Under samtalen kommer det fram at hun ønsker en oppstrammende behandling, ekstra glød i huden samt make-up.

Oppgave 1


Du setter av 1,5 time til en ansiktsbehandling.

- a) Hvordan vil du planlegge og gjennomføre denne behandlingen?
- b) Drøft hvilken nytteverdi dine valg av tekniske hjelpemidler/apparater har i denne behandlingen.
- c) Forklar og gi råd om hvordan de ulike produktene du bruker, virker kjemisk i og på huden.

Oppgave 2

Bente har en nordisk, lys hud og blå øyne. Hun er tørr og sensitiv med en del linjer og rynker og er plaget med blå ringer under øynene. Hun har et rødt fødselsmerke på halsen som hun sjeneres av.

- a) Grei ut om hvilke korrigeringssteknikker du bruker for å kamuflere hennes synlige hudforandringer.
- b) Hvordan vil du utføre en naturlig kvelds make-up på Bente med utgangspunkt i hennes hudtype og tilstand samt fargelære?
- c) Drøft viktigheten av hygienerutiner før, under og etter utførelse av make-up på en kunde.



www.vigoiks.no/eksamen